



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 1. juni 2017

NVE

## FRÅSEGN - NORDDALS-PAKKEN.

Viser til dykkar ref. 201503081-20

### Om Norddal

Norddal kommune er ei av dei store kraftkommunane i Møre og Romsdal. Frå Tafjord kraft sine store prosjekt tidleg på 1920- talet, til dei siste småkraftprosjekta har vasskraftutbygginga sett sine spor i landskapet. Ho har gitt gode inntekter, og vore viktig i samfunnsbygginga.

På same tid er også Norddal kommune ein av kommunane med mest verna areal i fylket, med ei tydeleg satsing på reiseliv og naturbasert turisme. Nokre stader i kommunen kan det vere ei utfordring å balansere ei tung turistsatsing med vern av natur og kulturlandskap. I arbeidet med denne «pakken» har vi forsøkt å finne rom både for turismen, kraftutbygginga og verneinteressene.

Prosjekta i Norddals-pakken ligg heilt opp til grensene for naturområde og kulturlandskap som er vurdert som verneverdige etter internasjonal eller nasjonal målestokk.

Det kan sjå ut som om grensene for Verdsarvområdet Vestnorske Fjordlandskap, Reinheimen Nasjonalpark og Geiranger – Herdalen landskapsvernområde er trekt i zikkar og zakkar for å unngå konflikter med framtidige søknader om kraftkonsesjonar.

Norddal har store kraftverk, nabokommunane Stranda har mange små og Rauma har både store og små. Dette må ein ta omsyn til når samla belastning skal vurderast.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL  
Telefon 918 12 542 – epost [moreogromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no) – internett  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

Vi synfarte alle dei åtte elvane som opphavleg var i «pakken» før snø og is la seg. Når høyringsperioden fell på vinteren vert det krevjande å synfare vestnorske vassdrag, både for å vurdere biologisk mangfald og landskapskvalitetar.

Vi er glade for at talet på prosjekt no er halvert. Men er skuffa over at to av dei mest konfliktfylte søknadane, Fossheim og Dyrdøla, enno er omsøkte.

## Myklebust kraftverk

Myklebustelva er verna, som ein del av Valldøla- vassdraget. Når det *kan* åpnast for småkraft opp til 1 MW i vassdraget forutset det at det ikkje går ut over vernegrunnlaget.

Om vernegrunnlaget for Valldøla seier NVE- notat 1001 28/1 2009 :

*«Urørthet: Vassdraget er viktig og til dels dominerende del av et kontrastrikt landskap med kort avstand fra alpine fjell med breer til utløp i fjord.*

*Vannene ligger i glasielle botner over skoggrensen. Stort mangfold knyttet til elveløpsformer, aktive prosesser, geomorfologi og landformer og vannfauna. Store kulturverdier. Friluftsliv er viktig bruk.»*

Vi merkar oss at vernegrunnlaget ikkje er knytt til einskilte artar eller naturtypar, men i stor grad til heilskapen i lesbare landskapsformer. Dette må det takast omsyn til i ein eventuell konsesjon.

Vi rår til at kraftverket vert plassert omlag på kote 100, altså på nordsida (oppsida) av RV 63. Der dyrkamarka tar slutt og der det alt er vegtilgang.

Dette vil gjere landskapet / elva inngrepsfri der turiståra mot Trollstigen kryssar elva. Dette er ein av våre 18 «Nasjonale Turistvegar» der opplevingstilfanget sett gjennom bilvindaug er grunnlaget for statusen. Ei uregulert elv er med på å tolke landskapsformene, endringar i nedbøren, vegetasjonen og kulturlandskapet.

Vi trur og at sjøauren vil sette pris på at den nedste delen av Myklebustelva renn fritt.

Sjøaurebestanden er i tilbakegang i dei fleste vassdraga på Vestlandet, og vi har ikkje nok kunnskap om kva som må til for å opp bestanden.

Forslaget i søknaden (s. 28) om ein kanal ut frå stasjonen med ein kulp tilrettelagt som gyteplass for anadrom fisk trur vi vil vere eit dårleg plaster på såret.

NVE bør vurdere å pålegge søkjaren å få fram ei grundigare utgreiing om potensialet for gyting i nederste delen av elva. Kanskje kan det gjerast tiltak ved samløpet av Valldøla?

For oterbestanden vil det truleg og vere ein fordel med ei inngrepsfri strekning sør for hovudvegen.

Dersom vi les kart og søknad rett, så er den omsøkte plasseringa og i konflikt med vernesonen for Valldøla, og ikkje i samsvar med omsynet til vassdrag som Plan og bygningsloven peikar på i §1-8. Eit kraftverk må nok plasserast nært ei elv, men kanskje ikkje nært to.

**Utover dette har vi ikkje merknader til konsesjonssøknaden frå Myklebust kraftverk.**

## Rødøla kraftverk

Kraftverket er prosjektert i eit område som alt er tungt påverka av kraftreguleringar og andre inngrep. Elvestrengen framtrer sprudlande og «dekorativt» i eit elles grått terreng, men er utan nok kraft og storleik til å sette karakter på landskapet.

Derimot har vasspegelen, strandkantane og inn- og utlaupsosane i Heimste Rødalsvatnet landskapsmessig verdi. Vatnet framstår som eit lite smykke i eit elles inngrepstungt fjellandskap.



Også av omsyn til fugl og fisk er reguleringa av vatnet uheldig. Denne belastninga på naturen kan vegast opp med ei meir restriktiv haldning i andre vassdrag. Demninga bør plastrast med kortreist torv og / eller naturstein.

**Utover dette har vi ingen merknader til konsesjonssøknaden for Rødøla kraftverk.**

## Fossheim kraftverk

Verdsarvstatusen til Geirangerfjorden vart i stor grad tufta på at her alt var eit Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde. Før den tid var Herdalsvassdraget verna i verneplan 4. Den store interessa for naturbasert turisme, lokalmat og friluftsliv ein finn i Norddalen og Eidsdalen er tufta på denne særigne, verna naturen.

Vernegrunnlaget for Norddalsvassdraget er:

*Urørthet. Anbefalt type og referansevassdrag. Vassdraget er viktig og til dels dominerende del av et kontrastrikt landskap der to hoveddaler er omgitt av alpine fjell med breer. Kort avstand fra fjell til utløp fjord. Stort naturmangfold knyttet til elveløpsformer, botanikk og landfauna. Store kulturminneverdier. Friluftsliv er viktig bruk. (Sitat NVE- notat 099/1).*

Her går det ikkje på enkeltelement i vassdraget, men på heilskapen av elva som landskapselement. I denne rekneskapan er 2+2 langt meir enn 4. Totalen har langt meir verdi enn summen av enkeltelementa.

Dette gjeld heile vassdraget, og det er berre om desse verdiane ikkje vert truga at vassdraget kan få konsesjon for kraftutbygging. Vi meiner at denne føresetnaden ikkje er til stades, og søknaden må difor avvisast på grunn av vernegrundlaget for Norddalsvassdraget.

Verdien av vassdraget ligg mykje i at det er inngrepsfritt. Frå dei alpine kjeldene til fjorden. Vatnet ber preg av den korte avstanden frå bre til fjord, og elva er godt synleg, og høyrbar, i det meste av løpet sitt.

Årleg køyrer omlag 150 turistbussar opp Norddalen til Herdalssetra. I tillegg til rikeleg mange privatbilar, nokre syklistar og nokre fotturistar. Attraksjonane er ei levande, gjestfri bygd, lokalmat, fjord og elvefiske, eit gjestfritt kloster, seteridyll og fossebrus. Dette er verdier å bygge vidare på, - utan å bygge ned naturen. I dag opplevast Herdalen som ein kontrast til den tungt tilrettelagde masseturismen i Geiranger, balanserende fint mellom næringsverksemd og vern.



Dei biologiske verdiane er vesentlege:

Vi kan ikkje akseptere at den anadrome strekninga i eit verna vassdrag vert redusert.

Oter og fossekall må framleis få bruke vassdraget slik det ligg i dag. Dei er utsett for inngrep i mange vassdrag, og bør ikkje bli det i eit verna vassdrag.

Sprutsonar og fosserøyksonar ved Storfossen vil bli påverka av ei utbygging. Det er gjort funn av fleire kalkindikerande artar. I eit anna vassdrag er det ikkje sikkert at ein ville ha lagt så mykje vekt på dette. Då er det dess viktigare at ein i eit vassdrag som er verna også kan ta vare på litt meir «ordinær» vassdragsnatur med naturleg vassføring. Funn av sunnmørsmarikåpe er elles spesielt nok, og potensialet for nye interessante funn mellom anna av saltlav, er truleg til stades.

Søkjaren refererer (s. 18) Vassregionen si kartlegging av Norddalsvassdraget.

Elva har «antatt dårleg økologisk tilstand». Miljømålet er «god økologisk tilstand» etter Vassdirektivet sine standardar. Ei regulering vil dra vassdraget i motsett retning. I vassregionen sine publikasjonar «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» og «Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion» vert vasskraftutbygging peika ut som ei av dei største årsakene til «moderat» og «dårleg» økologisk tilstand.

Skal Norddalsvassdraget nå målet om «god» økologisk tilstand innan 2021, vil ei kraftutbygging vere eit steg i feil retning.

**Vi vil på der sterkaste gå mot at Fossheim kraftverk får konsesjon.**

## Dyrdøla kraftverk

Vi vil be om å få kome med ei fråsegn om Dyrdøla etter at høyringsfristen er gått ut.

Det prosjektet som no er omsøkt er så ulikt det vi synfarte i september på grunnlag av dokumenta som låg føre då, at vi treng ei veke til for å gå gjennom nokre vesentlege punkt i prosjektet.

Vi er glade for at inngrepa i Rellingstøylen og Dyrdalen er uaktuelle, men ser at det nye prosjektet har fleire problematiske sider.

Søknaden er no grunngeve med at ein må ruste opp vassverket, men vi finn ikkje noko om at vassverket må velje inntaksløysing som no omsøkt. Biologisk mangfaldrapporten tar ikkje stilling til inngrep i elvelaupet ved inntaksstaden. Det er vidare ei kulturmark rett på nedsida av vegen som må kryssast av røyret, og dette arealet ser vi ikkje noko om i rapporten.

Dette ønskjer vi å komme tilbake til.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar